



MØTEPROTOKOLL

A

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus, møterom Kommunestyresalen
Dato: 27.01.2021
Tid: 13.00 – 13.58

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Asbjørn Gausdal	Nestleiar. Deltok digitalt.
Berit Lyngstad	Medlem
Gerd Bang Brevik	Medlem
Knut Kleiven	Medlem

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå administrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Knut Erik Engh	Ordførar.

SAKLISTE

- SAK 01/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/21 MELDINGAR
- SAK 04/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 05/21 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 06/21 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 07/21 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 08/21 OPPFØLGING AV TILSYNSRAPPORT OM VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON
- SAK 09/21 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL

Behandlingsrekkefølga i møtet var slik:

1-2-8-5-3-4-6-7-9.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/21	033	11.01.2021	27.01.2021	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Behandlingsrekkefølga på sakene i møtet vert opp til møteleiar.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Knut Kleven.

I møtet

Ordføraren opplyste at han må gå litt før kl. 14 grunna avtalt møte.

Ut frå desse opplysningane ber leiaren om høve til å endre på behandlingsrekkefølga av sakene undervegs i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/21	049	11.01.2021	27.01.2021	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 03.12.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 03.12.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/21	033&17	15.01.2021	27.01.2021	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. E-post, av 15.01.2021. «Barnehagetomt».
2. Prosjektrapportering, av 08.01.2021 Ulstein Eigedomsselskap KF.
3. Dokument, av 13.01.2021. «Einar Heimdal – Daglig leder – Andre arbeidsoppgåver»

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/21	033&58	07.01.2021	27.01.2021	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad på gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside -

<https://innsyn.ulstein.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet:	09.11		
Arbeidsutvalet for utgreiing av kommunal barnehage:			
Fellesrådet:	10.11		
Formannskapet:	17.11	01.12	
Formannskapet som klageorgan:	11.08		
Kommunestyret:	29.10	26.11	17.12
Levekårsutvalet:	11.11		
Nammenemnda:	11.09		
Skattetakstnemnda:	02.09		
Styret i UEKF:	02.11	07.12	
Teknisk utval:	12.11	10.12	
Ungdomsrådet:			
Valstyret:		01.12	
Valutval:	03.02		
Viltnemnda:	17.06		
SSR IKS – styret		Sendt til leiar	
SSR IKS – representantskapet		Sendt til leiar	

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/21	033	11.01.2021	27.01.2021	JS/KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtar møteplan i samsvar med sekretariatet sitt forslag. Kontrollutvalet viser også til dei opplysningane som kjem fram i møtet

I møtet

Grunna kontrollutvalet si rolle i behandling av revisjonen og kommuneadvokaten sitt arbeid med vederlag for opphald i institusjon kan det bli aktuelt med ekstramøte eller endring på utvalet sin møteplan.

Eventuelt møte i september må ordførar og Vest kontroll ha dialog for koordinering i høve møte i kommunestyret.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2021 er det i tillegg til 27. januar sett opp møte 10. februar, 29. april, 9. juni, 28. september 3. november og 25. november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/21	033	14.01.2021	27.01.2021	JS og KS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/21	033	15.01.2021	27.01.2021	JS og KS

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2021 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2021. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/21	047	15.01.2021	27.01.2021	JS

OPPFØLGING AV TILSYNSRAPPORT OM VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek at:
 - a. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS får i oppdrag å kontrollrekne alle vederlagsberekningar for gifte med heimebuande ektefelle med privat pensjon samt gjere stikkprøver av vederlagsberekningar for einslige i perioden frå og med 01.01.2008 til og med 31.12.2015. I tillegg skal revisjonen utføre etterlevelseskontroll av vederlagsberekningar for 2019.

- b. Advokat Reidar Andresen skal, som lekk i oppfølginga av tilsynssaka, vurdere dei formelle tilhøva kring vedtaka som inngår i revisjonen sin kontroll. Vurderinga skal også omfatte vedtaka i dei sakene som revisjonen kontrollerte for perioden 2016-2018.
- c. Advokat Reidar Andresen rapporterer til kontrollutvalet under granskinga knytt til eksternt varsel.
- d. Kontrollutvalet bør ta sikte på å rapportere på kommunestyret sitt første møte etter ferien.

Vedlegg

1. Møtereferat om oppfølging av Fylkesmannen sin tilsynsrapport og eksternt gransking. 08.01.2021.
2. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Eigenbetaling for institusjonsopphald av 15.12.2020.
3. Fylkesmannen sin Rapport frå tilsyn med eigenandel for langtidsopphald i institusjon. (Sladda versjon).

Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde den 17.12.2020 slikt vedtak i sak 129/20 Vedlegg 7:

Ulstein kommunestyre ber Kontrollutvalet om å følgje opp tilsynsrapporten om vederlag for opphald i institusjon. Kommunestyret legg til grunn at avvika som er avdekt i etterberekningane i hovudsak er knytt til brukarar som har heimebuande ektefelle med høg tilleggs pensjon, og vidare undersøkingar skal avgrensast til denne gruppa. Kommunestyret ber Kontrollutvalet vurdere korleis ein på ein hensiktsmessig måte kan skaffe seg oversikt over det samla omfanget av avvik knytt til, og ber samstundes Kontrollutvalet utgreie kor langt attover ein skal gjere undersøkingar med tanke på forelding. Kontrollutvalet legg fram si anbefaling for kommunestyret på første møtet over nyttår.

På grunn av eksternt varsel av 25.11.2020 gjorde kommunestyret den 26.11.2020 protokolltilførsel at advokat Reidar Andresen får i oppgåve å gjennomgå varslinga og undersøke kor vidt det er grunnlaget for varslinga og melde tilbake til kommunestyret kor vidt varselet må følgjast opp vidare.

Kommunerevisjonen har utarbeida ein rapport datert 15.12.2020 på kontroll av vederlagsberekningar for institusjonsopphald i åra 2016-2019. Jf. Vedlegg 2.

For planlegging av framdrift og arbeidsfordeling kalla ordføraren desse saman til møte den 08.01.2021: Advokat Reidar Andresen, leiar i kontrollutvalet Ivar Mork, dagleg leiar i Vest kontroll (sekretariatet for kontrollutvalet), oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon, jurist Ingunn Hestnes frå Ulstein kommune og ordførar Knut Erik Engh. Jf. Vedlegg 1.

Oppfølginga kan gjerast slik det går fram i referatet:

1. Kontrollutvalet legg fram ei sak for Ulstein kommunestyre den 4. februar med tilråding om at Søre Sunnmøre Kommunerevisjon får i oppdrag å kontrollrekne alle vederlagsberekningar for gifte med heimebuande ektefelle med tilleggs pensjon i perioden frå og med 1. januar 2008 til og med 31. desember 2015. I tillegg skal det gjerast stikkprøver av vederlagsberekningar for einslege institusjonsbebuarar i same periode. Kommunerevisjonen skal også utføre etterlevelsesk kontroll av vederlagsberekningar for 2019.

2. Kontrollutvalet vil vidare tilrå at advokat Reidar Andresen, som eit ledd i oppfølginga av tilsynssaka, får i oppdrag å vurdere dei formelle forholda kring vedtaka som inngår i kommunerevisjonen sin kontroll. Dette inkluderer vedtaka som var omfatta av revisjonen sin kontroll for institusjonsopphald i åra 2016-2018, og av etterlevelseskontrollen for 2019. Andresen skal også gje tilrådingar om eventuell vidare oppfølging.
3. Kontrollutvalet vil i si innstilling til kommunestyret også tilrå at advokat Andresen rapporterer direkte til kontrollutvalet under granskinga knytt til eksternt varsel.
4. Ordførar ber helse- og omsorgsetaten om å utlevere alle vedtak og førehandsvarsel om vedtak, som inngår i kommunerevisjonen sin kontroll, jf. punkt 1. Dette inkluderer vedtaka som var omfatta av revisjonen sin kontroll for institusjonsopphald i åra 2016-2018, og dei som skal inngå i etterlevelseskontrollen for 2019. Dokumentasjonen skal systematiserast og det skal vere ein perm for kvart år. Eli Marte Dalhaug sender permene til advokat Andresen.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 129/20 vedlegg 7 av 17.12.2020 vil då vere følgt opp.

Vidare gjer ein merksam på at kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/21	033	15.01.2021	27.01.2021	JS

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Det kom ikkje fram opplysningar.

Møtet slutt.

Ivar Mork
Leiar

Knut Kleven
Medlem

Utskift til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar og kommunedirektør til orientering.